


Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato: 09.06.2017
Vår ref.: 201702574-4
Arkiv: 411 / 059
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane

Mjåtveitelva - Oppsummering av synfaring 06.06.2017 Kvernhusbekken med meir - Meland kommune

Etter melding om at Kvernhusbekken, som i fylgje meldar er ein aurebekk, våren 2017 vart lagt i røyr var



Fylkesmannen i Hordaland v/Gry Walle og NVE v/Svein Arne Vågane på synfaring 06.06.2017 saman med Meland kommune v/Marius Flemmen Knudsen og Tore Johan Erstad. Etterpå var det synfaring med Frode Tuft, formann i Mjåtveitelvens Forening og Kjetil Tuft, men då utan Meland kommune.

Saman med kommunen vart området synt i fig. 1 sett over. Området er regulert til bustadforemål og lukkinga av bekken og deponeringa av massen er i fylgje kommunen midlertidig.

Fig. 1. Om rådet som vart sett over saman med kommunen (merka raudt). Reguleringsplan funne på nettet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fig. 2. Situasjonen tidlegare i vår. På andre sida av vegen er arealet no fylt opp med jordmassar. Foto tilsendt av Frode Tufte.



Fig. 3. Dagens situasjon. Figur 2 er teke frå det lågast punktet av vegen i retning der dette biletet er teke. Kvernhusbekken går derifrå og ned mot der dette biletet er teke. Der kryssar bekken ein veg – sjå fig. 4. Arealet som er oppfylt, skal nyttast til bustadbygging.



Fig. 4. I dette området kryssar bekken ein veg før den held fram i sitt naturlege leie nedstraums kulverten.

Kvernhusbekken er eit sidevassdrag til Mjåtveitelva. Mjåtveitelva har ein aurestamme og har også førekomst av ål og elvemusling som er raudlisteartar. Truleg er førekomsten av elvemuslingar på det næraste utradert på grunn av tiltak over tid i elva. Det ligg føre planar om å reetablere ein elvemuslingstamme i elva frå anna vassdrag, i tillegg til at det er «dyrka fram» nokre få individ att av den opprinnlege stammen på eit «muslinghotell». Kvernhusbekken har hatt førekomst av aure også forbi dette området, men det er usikkert om auren går hit no.

I Kvernhusbekken er det gjort ein del tiltak. I samband med etablering av eit industriområde oppstraums området som vart sett over med kommunen, vart tiltakshavar pålagt å bygge 3 fangdammar. Vidare er det etablert to fangdammar i Kvernhusbekken nedstraums området, men før samanlaupet med Mjåtveitelva. Dette er gjort i samarbeid med mellom anna Hordaland fylkeskommune. Det er såleis nytta ein del ressursar, inkludert offentlege midlar, på tiltak i elva.

Konklusjon:

Kommunen skal undersøkje med tiltakshavar om dimensjoneringa på røyra er god nok. Dokumentasjonen på dimensjoneringa skal sendast NVE og Fylkesmannen. Fylkesmannen peika på at uansett om eit tiltak er midlertidig eller ikkje og uansett om det ligg føre godkjent reguleringsplan, skal eit tiltak som påverkar bekkar, sendast til uttale til statleg mynde. I dette tilfellet var kommunen usikker på om bekken var nemnt under planarbeidet. Dette då bekken ikkje syner på kart.

Fylkesmannen bad kommunen sende over ein vedlikehaldsplan for desse tersklane der ansvaret for vedlikehaldet vert plassert.

Synfaring med Mjåtveitlvens Forening.

Saman med Frode og Kjetil Tufte føretok Fylkesmannen og NVE ein bekkevandring langs Kvernhusbekken og ein avgrensa strekning ved Mjåtveitelva.



Fig. 5. Etablering av industriområde. Fangdammane i fig. 6. er nede til høgre for personane i biletet.



Fig. 6. To av dei pålagde fangdammane som skal fange opp partiklar og ev. ureining frå industriområdet. Vi ser ein del blågrønalger, særleg i nedste fangdam. Vidare ser vi at vatnet er farga av småpartiklar. Nedste fangdam vert tømt frå vegen som kjem frå andre sida. Kvernhusbekken renn nede i skogen. Desse to fangdammane ser ut til å fungere godt.



Fig. 7. Fangdam nr. 3. Det vart lagt fram plan for dammen og Kjetil og Frode Tufte hevda at den ikkje var bygd etter planen då «demninga» var om lag 25cm for låg. Dette har stor innverknad på vasspeilet i det flate lendet oppstrauts dammen. Dammen var òg lekk, slik at ein del finstoff rann vidare nedover i vassdraget.



Fig. 8. Nett oppstrauts fangdam nr 4, var det for ei tid attende plassert ut større steinar som hadde skipla bekkeløpet og truleg gjort det vanskelegare for fisken å vandre.



Fig. 9. Bekken kjem ut frå skogen i bakkant der steinane i fig. 8. ligg.



Fig. 10. Fangdammen er plassert nedstrøms ein mindre tilkomstveg til bustader/anna føremål, men påverkar området oppstrøms vegen (fig. 9). I bakkant av hovudvegen som er rett bak der biletet er teke, er Kvernhusbekken lukka over eit område på om lag 200m som er dyrka før den kjem ned i fangdam nr. 5. Det er etablert røyr i demma som gjer at dammen raskt vert tømd ved lite tilsig inn mot dammen.



Fig. 11. Fangdam nr. 5. Her vart det observert aure. I fylgje F og K Tufte er denne fangdammen tidvis påverka av ureining og det er uklårt kven som skal tømme den. Samanløpet med Mjåtveitelva er i bakgrunnen av biletet.

F. og K. Tufte var kritiske til at Meland kommune ikkje svara på førespurnader. Likeeins at dei ikkje lot til å handsame tiltak i elva på ein god måte. Fylkesmannen peika på at det er kommunen som har ansvaret i saker som mellom anna gjeld ureiningslova, men at Fylkesmannen ville sjå på saka. NVE peika på at denne saka i fyrste rekke gjaldt ureining, der forvaltningsmynde ligg hjå kommunen og/eller Fylkesmannen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Siss-May Edvardsen
sjefingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:



Fylkesmannen i Hordaland
Mjåtveitlvens Forening v/Kjetil Tufte